

176
Eg skodar frelsens under !

--oo--

Eg skodar frelsens under :
Du Jesus Krist, Guds lam,
som riv mitt skuldbrev sunder,
og ber mi synd og skam,
med krossen på di herd,
med sår som svid og blöder,
med spott frå fallne bröder
du gjeng di siste ferd.

Til krossen dei deg fester
med kvasse hamarslag.
Du möter alle bræster
med miskuns domedag.
Din kjærleik siger vinn
i alle livsens prøvar,
og bergar sjölv ein rövar
i paradiset inn.

No kann og eg meg lauga
i offerdöden din.
Framfor ditt frelsarauga
mitt fridomsbrev eg finn.
Eg byter bort mi skuld,
min dom, mi straff og missgjerd,
og fær so att di rettferd,
det Himlens reine gull.

Eg er til livet skriven
i ditt Jerusalem.
På flukt vert Satan driven
kvar gong han nær meg kjem.
Di soning er mi borg.
Du sjölv er skjold og verja
mot alt som vil meg herja
og valda hjartesor.

Du kan og vil meg vara
som augnesteinen din!
Du ser kvar Satans snara,
og kvar ei lygn han spinn.
Du hev han i di makt,
om enn han er "den sterke".
Og du fullendar verke,
som tilsynsmann og vakt.

Og snart vil dagen renna
då eg fær reisebog - .
Skal eg enn liding kjenna,
og feberbrand i blod - :
"Du död, kvar er din brodd ?
Du hel, kvar er din siger?
Eg heim til himlen stiger
trass all di egg og odd !"